



Nyhendebrev 2/2025

Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med nytt om jord- og skogbruk, søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar 3. og 4. kvartal 2025

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme, inkludert inndregne midlar	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
Straumstøtte	30. november	Les meir her .	
SMIL - restmidlar	15. september	333 000	900 000
Driftstilskot beitelag	15. november		
Produksjonstilskot del 2	15. oktober		
Regionalt miljøprogram	15. oktober		
Drenering	Løpande	61 000	0
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til taubane	Løpande		

Landbrukskontoret vil oppsummere bruken av tilskotsmidlane for 2024 på faglagsmøta no i haust.

Søk på SMIL-midlar

Både Gloppen og Stad har att pengar på ramma til SMIL-ordninga - så har du eit godt prosjekt du ikkje fekk søkt på i vår har du høve no! Om det kjem inn mange søknader vil søknader til tak over gjødsellager, tiltak for vilt pollinerande insekt, trua natur, redusert avrenning og risiko for avrenning frå jordbruk bli prioritert.

Du kan lese meir om ordninga på heimesidene våre, og finn søknadsskjema her [Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\) - Landbruksdirektoratet](#)

Frist for å søkje er 15. september i år.



Søknad om PT og RMP 2025

Produksjonstilskot

Ver nøye med å fylle ut alle opplysningane som skal vere med i søknaden. Det er ofte litt småtull med areal, der det er fleire som søker tilskot på same eigedomen. Det siste føretaket som søker, får opp feilmelding og vi oppmodar søkerane til å avklare seg i mellom kven som søker på kva areal.

Avstand til vatn

Det er i produksjonstilskotet eit miljøkrav om vegetasjonssoner. Denne sona skal vere minst to meter. Formålet er å ivareta miljøverdiane i kulturlandskapet og redusere mogeleg avrenning frå jordbruksareal.

Landbruksdirektoratet om miljøkrav i søknad om produksjonstilskot

Regionalt miljøprogram (RMP)

For miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel må det søkjast både på nedfelling/nedlegging og slange for å få fullt tilskot. Vi ser diverre at det vert utegløymt å søkje begge tiltaka og då kan ikkje kommunen legge inn det som er gløymt. Det er også ein del som søker klimarådgeving utan å ha gjennomført det. Kravet til gjennomføring og dokumentasjon på dette er absolutt. Klimarådgevinga må vere gjennomført før 15. oktober for å vere søkjegod i 2025.

I Regionalt miljøprogram er det i prioriterte område krav om kantsone mot vassdrag for å vere kvalifisert til tilskot. Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

Tiltaket «Beiting av verdifulle jordbrukslandskap» gjeld vaksen sau over 600 meter. Det har vore ein del feilføringar her. Felles for alle med feil i søknadane er at det vert ilagt eit trekk for feil i søknaden. Dette er heimla i [Forskrift for Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2025](#).

Uansett er RMP ei god ordning som fleire kan nytte seg sjølv om det kan vere vanskeleg å navigere i kva tiltak det kan søkjast på. Landbrukskontoret kan rettleie her. Ta kontakt i god tid!

Organisert beitebruk , driftstilskot

Her er søknadsfristen 15. november. Her legg beitelaga ned ein stor innsats for å samle inn data til søknaden og det er bra!

Husdyrgjødsel

Med ny forskrift gjeldande frå 01.02.2025 om husdyrgjødsel kjem det mykje endringar framover. Det aller viktigaste for 2025 er at siste spreiedato for husdyrgjødsel utan



nedmolding er **15. september**. Kommunen har ikkje høve til å dispensere frå denne datoen lenger, det er det Statsforvaltaren i Vestland som avgjerd etter søknad.

År	Tillate periode for spreiring av organisk gjødsel	Merknad
2025 og 2026	15. feb til 15. sep	Lov med nedmolding fram til 1.nov
Frå 2027	1. mars til 15. sep	Ikkje lov med nedmolding etter 15. sep. Krav om slått, beiting eller etablering av plantevekst etter siste spreiring

Les meir her: [Statsforvaltaren i Vestland](#)

Reduserte tilskotsmidlar – set av nok skogfond

Når du avverkar tømmer, er du pliktig til å setje av min. 4 % av bruttoverdien til skogfondskontoen. Desse pengane skal sikre at du har midlar til å sørge for forynging av hogde areal. Det har vore høge tømmerprisar og gode pengar å tene på å avverke tømmer. Det er viktig at du sjølv gjer ei vurdering av kor mykje skogfond du skal trekkje og at du trekkjer nok. Tilskota til planting vil etter all sannsyn gå ned frå neste år og då har du ei god finansieringsordning gjennom skogfundsordninga som også gjev deg skattefordelar. Skal du hogge i løpet av det komande året, må du setje av meir på skogfond. Du kan sjølv rekne ut kor mykje du vil setje av ved å nytte [skogfondskalkulatoren frå Skogkurs](#).

Vi tilrår eit trekk på 15 % som skal vere rikeleg til å dekkje både det som er naudsynt og litt til. Om du har mykje innestående midlar på skogfondskontoen, men ingen vidare investeringsbehov på eigedomen etter planting, så kan du få utbetalt desse midlane ved å søkje til kommunen.

[Du kan lese meir om kva skogfondet kan nyttast til på Landbruksdirektoratet sine sider.](#)

Har du hogd i år og trur du har sett av litt lite skogfond, har du høve til å betale inn på meir av overskotet ditt. Dette vere registrert **innan 6. februar 2026**. Ta kontakt med oss om du ynskjer å setje inn meir på skogfondskontoen din av årets overskot.

Søk om tilskot til skogkultur og skogbruksplan

Vi er godt i gang med å handsame søknadar om tilskot til skogkultur (planting og ungsogpleie) og refusjon frå skogfond. Frist for å få inn søknader er **1. november**. Etter dette kan ein ikkje rekne med å få handsama søknaden i år.

For skogeigarar i Stad som har fått faktura for skogbruksplan, må de hugse å søkje om tilskot og skogfond for skogbruksplanen. Vi syner til tidlegare utsendt brev om dette. Innan kort tid, vil Statsforvaltaren i Vestland ikkje lenger gje tilskot til planen. Søk så snart du kan!

Har du spørsmål om søknaden, sjå heimesidene våre og ta kontakt!



Sjekk kvaliteten på plantearbeidet



Ei granplante som har overlevd heftig beiting. Den er i vekst og vil bli ein tømmerstokk! Foto: Karoline Bjerkeset, Gløppen kommune.

Har du planta eller fått utført planting etter hogst i sommar, er det viktig at du sjekkar kvaliteten på arbeidet som er utført. Har du leigd inn folk, må du ta ei runde i plantefeltet og sjekke at jobben er utført i tråd med kva du har bestilt eller gjeve beskjed om. Plantene skal ha god jordkontakt og sitje godt fast og ikkje vere planta i det øvste humuslaget. Då vil dei tørke ut eller vere lett å nappe opp for forbipasserande dyr, enten hjort eller andre beitedyr. Ei lita granplante kan tole store påkjenningar om ho berre er godt planta.

Du kan også redusere risikoen for å måtte supplere feltet i større eller mindre grad dei komande åra om arbeidet er skikkeleg utført. Om du ikkje har sjekka allereie, så rår vi til at du tek deg ein tur no. Det er vanskeleg å få reklamasjon på utført arbeid om du kjem att neste år og plantene er vekke.

Ny eller gammal skogeigar – kom på skogkveld!

Enten du er ny eller gammal skogeigar, så kan det vere nyttig med eit kurs for å verte oppdatert på kva som skjer! Landbrukskontoret køyrer skogkveld for nye og gamle skogeigarar i samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane og dei lokale skogeigarlaga.

Det vert to kveldar slik at du kan velje om du møter opp på Nordfjordeid eller på Sandane. Tema for kvelden vert hogst, planting, skatt og skogfond og tilskotsmoglegheiter og godt høve til å få spørje om noko du lurar på og treffe andre skogeigarar. Følg med på heimesida til kommunen for dette og andre kurs utover.

Stad – tysdag 14. oktober kl. 17.00 – 19.30, kommunestyresalen, Rådhuset på Nordfjordeid.

Gløppen – onsdag 15. oktober kl. 17.00 – 19.30, kommunestyresalen, Heradshuset på Sandane.

Oppmoding om å flytte elektriske gjerde



Her kjem ei sterk oppmoding frå kommunalteknikk i Stad, som sikkert gjeld i Gløppen og, om at de som har elektrisk gjerde heilt opptil vegkant flyttar desse om lag ein meter frå kanten sånn at det blir plass til brøytestikkene. Det er for tidkrevjande å sette ned stikkene manuelt og vi vil ikkje ha sauene på vidvanke på grunn av øydelagde gjerde. Gjer vel å flytte gjerda, då slepp vi sint mann på tråden og det blir mogleg å brøyte vegane til vinteren.



Hjort

Hjortejakta er i gang og dei fyste dyra har blitt felt og registrert i Hjorteviltregisteret. Det er positivt at jegerar registrerer inn sette og felte dyr kontinuerleg slik at resten av jaktfeltet/valdet kan ha oversikt på uttaket undervegs.

Alle godkjente vald i Gloppen og Stad kommune kan nytte seg av kvotefri jakt på hjortekalv.

Ettersøksavtalar i Stad

Alle jaktlag og personar som jaktar åleine, skal ha tilgang på godkjent ettersøkshund. Ei avtale må vere på plass innan jaktstart og ein kopi av avtala sak sendast til kommunen. Det er framleis fleire vald i Stad kommune som ikkje har levert kopi av ettersøksavtale.



Kjeveinnsamling i Gloppen

I Gloppen kommune skal det samlast inn kjevar frå dyr på 2,5 år og eldre til aldersbestemming. Det er viktig at kjevelappen fyllast ut og festast til kjeven. Vald- og jaktfeltnummer, samt slaktevekt er viktig å fylle inn, og elles dei opplysningane det er spurt om på merkelappen. Kjevelappar kan hentast på Heradshuset.

tørkast. Vi treng berre den eine halvdelen av

Innsamla hjortekjevar.

Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

Underkjeven skal vere gjort rein for kjøt og kjeven, men den må kuttast slik at alle framtennene blir med, samt at heile kjevelengda kan målast.

Kjevar leverast på Heradshuset innan fredag 16. januar 2026.

Felling av merka hjort

NIBIO er framleis interessert i informasjon om dei merka dyra. So om du observerer ein merka hjort eller du feller ein merka hjort, ta kontakt med Øystein Brekkum hos NIBIO (oystein.brekkum@nibio.no, tlf 908 64 422). Om ein merka hjort eller tilhøyrande kalv blir felt skal skjemaet «felt merka hjort» fyllast ut. Dyret må i tillegg bli nøyaktig vege, kjeve takast ut og reinskjerast, og eit øyre skal leggst i ein plastpose og frysast. NIBIO ønskjer og posisjon for felling på kart. Meir info og skjema: <https://nibio.no/prosjekter/hjortmerk>.



Sjukdom på hjort

Hjortevorter

Vi har hatt tilfelle av hjort med vorter i våre kommunar. Vortene smittar frå dyr til dyr, men dei kan ikkje smittast over på andre artar enn hjorten, det vil sei at den ikkje smittar til menneske eller andre dyreslag. Hjort med hudvorter skal rapporterast til kommunen med bilde, informasjon om stad, fellingsdato, aldersgruppe, kjønn og kondisjon.

Storfetuberkulose

Storfetuberkulose har vore påvist i Suldal kommune. Hjorten mistenkast for å vere ein smittekjelde. Jegerar i Suldal, Tysvær og Vindafjord skal difor ta prøver. Om du finn osteaktig knutar i/på lunge eller lymfeknute skal Mattilsynet kontaktast. Eit hjorteslakt med normalt utsjåande reknast ikkje som smittefarleg sjølv med positivt prøvesvar.

CWD: Alle som feller eller observerer hjort som dei mistenker kan vere smitta av skrantesjuka, skal melde frå til mattilsynet (tlf. 22 40 00 00) og gjerne informere kommunen.

Meir informasjon om hjorteforvaltning og hjortejakt finn du på [Gloppen kommune](#) eller [Stad kommune](#) sine heimesider:

Ny medarbeidar på landbrukskontoret

Jofrid Brennsæter tok til i stillinga som landbruksrådgjevar på landbrukskontoret no i august. Ho er utdanna innan agro-økologi og plantevitskap frå NMBU på Ås.

Ho har flytta heim til Gloppen med mann og barn, og startar med å jobbe med tilskotsordningar innan jordbruk her hos oss. Så blir det nok fleire oppgåver framover når første "søknadsonna" med PT og RMP er over. Vi er særst nógde med å ha fått Jofrid på laget. Velkomen!



*Jofrid Brennsæter på plass ved pulten.
Foto: Trine Alme, Gloppen kommune.*

Landbrukskontoret i Gloppen og Stad ynskjer ein god haust og god jakt!

Helsing Jofrid, Odd-Harald, Lindis, Bernt, Karoline og Trine!